

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 03.03.2015  
Vår ref.: 200901702-12, 200903026-13, 201103297-11,  
201102290-8, 201100274-10, 200805445-12  
Arkiv: 312  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Birgitte M W Kjelsberg  
Helén Liebig-Larsen  
Joachim Kjelstrup

## **Fleire søkjarar – Søknad om løyve til bygging av seks kraftverk i Masfjorden kommune i Hordaland – høyring**

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje seks småkraftverk i Masfjorden kommune. Søknadane skal bli handsama samtidig og samla belastning for området skal bli vurdert. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

### **Bjørneklettbotn kraftverk – Småkraft AS**

Bjørneklettbotn kraftverk vil nytte eit fall på 220 m i Haugsdalselva mellom inntaket på 320 moh og kraftstasjonen på 100 moh. Vassvegen er planlagd i ein 1840 m lang tunnel og ein 180 m lang nedgrave røyrgate. Det er også planlagd å overføre vatn frå Bjørneklettbekken til driftstunellen gjennom ein sjakt. Det er behov for noe ny veg som tilkomst til inntak og kraftstasjon. Middelvassføringa i Haugsdalselva er 1620 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på ca. 4000 l/s, noko som i følgje søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på ca. 20 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein ca. 3300 m lang strekning i Haugsdalselva. Det er planlagd å sleppe minstevassføring på høvesvis 52 l/s i Haugsdalselva og 8 l/s i Bjørneklettbekken om sommaren.

### **Sulelva kraftverk – Småkraft AS**

Sulelva kraftverk vil nytte eit fall på 405 m mellom to inntak i Sulelva og Svaelva på 500 moh og kraftstasjonen på 95 moh. Vassvegen er planlagd i ein tilsaman 2420 m lang nedgrave røyrgate. Prosjektet vil også nytte ei eksisterande overføring frå elva i Storfjellsdalen til Svaelva. Overføringa er eit tidlegare flomførebyggjande tiltak som berre er i delvis funksjon og derfor tenkt forbetra. Det er behov for ny veg som tilkomst til inntak og kraftstasjon. Middelvassføringa i Sulelva og Svaelva er høvesvis 200 l/s og 250 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på høvesvis 488 l/s og 632 l/s, noko som i følgje søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på ca. 5,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein tilsaman ca. 2600 m lang strekning i Sulelva og Svaelva. Det er planlagd å sleppe minstevassføring på høvesvis 7 l/s i Sulelvaelva og 8 l/s Svaelva heile året.

### **Fossdalen kraftverk – Fossdalen kraft (SUS)**

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Fossdalen kraftverk vil nytte avrenning frå tre ulike nedslagsfelt med eit samla areal på 6,3 km<sup>2</sup>. Alle inntaka blir lagt på 240 moh i Fossdalselva, sidebekk til Fossdalselva og Dyrkollelva. Vatnet frå dei tre elvane møtast i eit greinrøyr kor Fossdalselva og sidebekken møtast fyrst, medan vatn frå Dyrkollelva kjem på rett ovanfor kraftstasjonen. Vassvegen frå alle inntaka er planlagt som nedgraven røyrgate i heile si lengd til kraftstasjonen på 2 moh. Avløpsvatnet blir slept rett i fjorden. Veg til kraftstasjon er ikkje naudsynt. Det er søkt om bygging av veg opp til inntaka i Fossdalselva og sideelva til Fossdalselva. Dyrkollelva vil berre få midlertidig anleggsveg opp til inntaket i røyrgate. Denne blir fjerna etter byggeperioden. Middelvassføringa for heile feltet er på 756 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1510 l/s. Kraftverket vil ha ein årsproduksjon på om lag 8,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring i Fossdalselva, sideelv til Fossdalselva og Dyrkollelva på til saman 3130 m. Det er søkt om slepp av minstevassføring i dei tre bekkane på til saman 68 l/s sommar og 45 l/s vinter.

#### **Sandneselva kraftverk – NGK Utbygging AS**

Sandneselva vil nytte eit fall på 213 m frå inntaket på 220 moh ned til kraftstasjonen på 7 moh. Tilløpsrøyrret blir 1200 m langt, og er planlagt nedgrave på vestsida av Sandneselva. Det må byggast ny permanent veg på om lag 10-20 m til kraftstasjonen og om lag 100 m ny permanent veg for tilkomst til inntaket. Middelvassføringa er 635 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1300 l/s. Kraftverket vil ha ein årsproduksjon på om lag 7,1 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1350 m lang elvestrekning i Sandneselva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 12 l/s sommar og 21 l/s vinter.

#### **Nørlandselva kraftverk – Nordkraft Vest AS**

Nørlandselva kraftverk vil nytte eit fall på 132 m i Nørlandselva mellom inntaket på 135 moh og kraftstasjonen på 3 moh. Det er òg søkt om å regulere Storevatn med 2 m mellom kote 134 og 136. I utbyggingsalternativ A skal vassvegen på om lag 1850 m gravast ned sør for elva og i hovudsak følgje eksisterande skogsbilveg. I alternativ B skal vassvegen gravast ned på nordsida av elva før den kryssar elva ved om lag 23 moh. Det er behov for noe ny veg som tilkomst til inntak og kraftstasjon. Middelvassføringa i Nørlandselva er 1880 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 4500 l/s, noko som i følge søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 12,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein om lag 1800 m lang strekning i Nørlandselva. Det er planlagd å sleppe minstevassføring på høvesvis 190 l/s om sommaren og 70 l/s om vinteren.

#### **Haugsvær kraftverk – Haugsvær Kraft (SUS)**

Haugsvær kraftverk vil nytte eit fall på 149 m i Gjerdbergelva mellom inntaket på 151 moh og kraftstasjonen på 2 moh. Vassvegen er planlagd i ein 850 m lang nedgrave røyrgate. Det er behov for noe ny veg som tilkomst til inntak og kraftstasjon. Middelvassføringa i Gjerdbergelva er 0,583 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på om lag 1320 l/s, noko som i følge søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på om lag 3,9 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein om lag 1000 m lang strekning i Gjerdbergelva. Det er planlagd å sleppe minstevassføring på 35 l/s heile året.

Det er òg søkt om eigen anleggskonsesjon etter energilova for bygging og drift av alle kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og jordkabel.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden

med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Masfjorden kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på tjenestetorget på kommunehuset fram til **onsdag 3.6.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. Det blir òg lagt ut eit eksemplar på Masfjorden folkebibliotek avd. Hosteland og eit eksemplar på nærbutikken på Haugsværtunet. Desse eksemplara kan berre lånast ut ein dag av gangen.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **onsdag 3.6.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Birgitte M W Kjelsberg  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

- Kunngjering,
- Orientering til høyringspartar
- Oversiktskart
- Søknadar (til kommunen)

Mottakerliste:

Bekk og Strøm AS  
Bekk og Strøm AS v/Cecilie Danielsen Skare  
Bergen og Hordaland Turlag  
BKK Nett AS  
BKK Nett AS v/Øystein Randal Berge  
Clemens Kraft AS  
Clemens Kraft AS v/Pål Pettersen  
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Forum for natur og friluftsliv Hordaland  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Hordaland v/Anniken Friis  
Hordaland fylkeskommune  
Kystverket Vest



Masfjorden jakt- fiske og naturvernlag - Masfjorden JFN  
Masfjorden kommune  
Miljødirektoratet  
Naturvernforbundet i Hordaland  
NGK Utbygging AS  
Nordhordland turlag  
Nordkraft AS v/Torbjørn Sneve  
Norges Miljøvernforbund  
Norsk Grønnkraft AS v/Jon Olav Volden  
Småkraft AS v/Kari Seim  
Småkraft AS v/Martin Vangdal  
Statens Vegvesen Region Vest  
Statnett SF

## – Kunngjering –

### Fleire søkjarar – 6 søknadar om løyve til å byggje småkraftverk i Masfjorden kommune i Hordaland.

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 6 småkraftverk i Masfjorden kommune. Søknadane skal handsamast samstundes. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg fleire saker samla der dette er naturleg.

Hovuddata for kraftverksplanane:


Søknad	Søklar	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh)
Nørlandselva kraftverk	Nordkraft Vest AS	4,9	12,6
Sandneselva kraftverk	NGK Utbygging AS	2,3	7,1
Bjørneklettbotn kraftverk	Småkraft AS	7,75	20,1
Haugsvær kraftverk	Haugsvær Kraft (SUS)	2	3,9
Sulelva kraftverk	Småkraft AS	3,7	5,2
Fossdalen kraftverk	Fossdalen kraft (SUS)	2,7	8,6

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på tjenestetorget på kommunehuset, Masfjorden folkebibliotek avd. Hosteland, nærbutikken på Haugsværtunet og på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til høyringsfristen går ut fram til **onsdag 3.6.2015**. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med søklar til det einssilde prosjekt. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **3.6.2015**.




# Kraftutbygging i Masfjorden kommune i Hordaland

1:100 000



- Inntak
- Småkraftpakke
- Andre søknader
- Konesjonsfritt
- Konesjonspliktig
- Gitt konsesjon
- Under bygging
- Avslått
- Utbygd
- Omsøkt vannvei
- Vannvei





## ORIENTERING TIL HØYRINGSPARTANE (revidert februar 2013)

### Generelt

NVE er konsesjonsstyresmakt i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW) og andre vassdragstiltak. Kongen i statsråd gir løyve til større kraftutbyggingar.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve etter vassressurslova § 8.

### Handsaming av søknaden fram til endeleg vedtak

NVE handsamar dei fleste av søknadane i grupper, vanlegvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer sakshandsaminga samstundes som høyringspartane og NVE kan sjå søknadane i samanheng.

NVE sender søknadane på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som søknadane vedkjem. Høyringsperioden er vanlegvis tre månader for søknadar som blir handsama gruppevis, og minst seks veker for enkeltsaker. Ein eventuell søknad om utsett frist må vere grunnngjeven. NVE ventar at høyringspartane gir fråsegn på sjølvstendig grunnlag. Vanlegvis blir det ikkje gitt løyve til søknad om utsett frist, dersom det kan forseinke sakshandsaminga.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring. Dei som har uttalt seg i samband med høringa, blir inviterte til å delta på synfaringa. I konsesjonsvurderinga veg NVE fordelar og ulemper mot kvarandre, jf. vassressurslova § 25. Olje- og energidepartementet har som overordna politisk styresmakt gitt retningsliner for handsaming av små vasskraftverk. Desse er å finne på NVE sin nettstad: [nve.no](http://nve.no).

Dersom NVE gir løyve, blir det knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkår vil omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

### Kva forventar NVE av høyringspartane?

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Fråsegner om energipolitikken til styresmaktene på eit generelt grunnlag, er av avgrensa nytte i sakshandsaminga.

Særleg der søknader blir handsama i grupper, ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga.

Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om det.

Det blir forventa at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Fråsegnene, opplysningane i søknaden og retningslinene frå Olje- og energidepartementet er viktige for vurderinga og vedtaket til NVE.

### Rett til motsegn og klage

Ein treng ikkje handsama energianlegg etter plan- og bygningslova, og det er ikkje lenger krav om reguleringsplan. For å ta vare på meininga bak motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova, er det gitt reglar i energi- og vassdragslovgjevinga om rett til motsegn og klage, jf. vassressurslova § 24. NVE vil understreke at ei eventuell motsegn må bli fremja i høyringsperioden. Sjå nettstaden vår for meir informasjon: [nve.no/konsesjoner](http://nve.no/konsesjoner).

Partane kan klage på NVE sitt vedtak til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt dei mottok orientering om vedtak. NVE syner til kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjerding.